

## Saksprotokoll i fellesnemnda - 19.12.2018

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal elevar per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. Prosjektlear skal:
  - a) utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal elevar per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal elevar.
  - b) vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune
2. Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.»

### Røysting

Innstillinga fekk 18 røyster (A, Sp, KrF, SV og V) og vart vedteken mot Stenseide sitt forslag som fekk 6 røyster (Frp og H) og fall.

### Vedtak

Det overordna prinsippet om tildeling i hovudsak basert på tal grupper per utdanningsprogram vert lagt til grunn for budsjettmodell for tildeling av ressursar til dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune.

1. Prosjektlear skal:
  - a. utarbeide ein budsjettmodell der tildelinga i hovudsak er basert på tal klassar/grupper per utdanningsprogram. Som ein del av dette arbeidet må det vurderast om nokre budsjettelement skal tildelast uavhengig av tal grupper.
  - b. vurdere behovet for overgangsordningar i overgangen til Vestland fylkeskommune
2. Prinsippa for ny budsjettmodell vert lagt fram for fellesnemnda våren 2019.